

Utsleppsløyve for Festidalen

11.07.2013

**Festidalen har fått utsleppsløyve.
Det går ut på at oppsamla sanitært avløpsvatn frå utplasserte festivaltoalett og toalettvogn vert transportert til det kommunale reinseanlegg på Børnes for reinsing og utslepp til djupt vatn.**

Avløp frå vaskekummar på serveringsområdet kan anten bli kopla til same avløpsanlegg som containertoaletta eller på eksisterande avløpsnett.

2 toalettvogner med 5-10 vassklosett kvar står for hovudtyngda av toalettkapasiteten. Kloakk vert samla i tett tank.

6 festivaltoalett med tett tank vert plassert elles på området.

Det er venta inntil 3000 personar kvar av dagane 2. og 3. august